



Skulemusikken har vore åleine om å syta for musikk i folketogget på 17.mai dei seinare åra.

Uskedal skulemusikk har dei siste åra hatt ein stødig og god ungdomsgjeng blant musikarane, men før denne sesongen er dei slutta i korpset, og dermed er talet på musikarar heilt nede i 7. Styret har derfor sett i gang tiltak for å rekruttera nye musikarar. Med få musikarar vert og foreldregruppa lita. Derfor håpar dei andre bygdefolk vil hjelpa til med drifta, m.a. strikka til adventskalendaren.

At det vert eit stort fråfall denne hausten, er ikkje uventa. Korpset har hatt ei flott ungdomsgruppe, Ida Marie K. Eidsvik, Thea Soltveit Taranger, Amalie Hovden Rød, Hanna Tvilde og Camilla M. Ripel, som har bidrege særskilt godt gjennom mange år. No er dei godt i gang med vidaregåande skule i tillegg til at ungdommane er aktive på fleire frontar.

Styret er svært takksame for innsatsen deira og seier:

-Skulemusikken vil takka dåke for flotte år. De har vore til stor glede både når det gjeld det musikalske og ikkje minst det sosiale. Ein flott gjeng, men det er ei tid for alt.



Skulemusikken under hovudprogrammet på 17.mai 2016. Camilla M. Ripel(nærast) er nett begynt i eit stort korps i USA.

Ei av dei som sluttar, Camilla M. Ripel, skal dette året vere utvekslingsstudent i USA. Ho har allereie begynt i Missouri's største schoolband på Kirkwood High School. Bandet har rundt 200 medlemmer. Dette er eit godt bevis på at dei som lærer seg å spela eit messinginstrument, har det med som verdfull bagasje når dei flyttar på seg. Styret legg også til at dei er svært glade for at Nils Rainer Vågen vil vera med i korpset trass i at han flyttar vekk for å gå på musikklinja.

Medlemmene som er att i korpset no, er unge og svært talentfulle, men styret ønskjer fleire. Derfor set dei no i verk tiltak. Dei vil denne hausten tilby ei ekstra aspirantopplæring i tillegg til den som føregår i regi av kulturskulen. Kvar onsdag mellom kl.16.45 og 17.30 vil dei gi ekstra opplæring for nye aspirantar. Det er dirigenten i skulemusikken, Tor Skeie Olsen, som skal ha opplæringa. Styret oppfordrar alle som kjenner til nokon som er interessert i å spela eit messinginstrument om å ta kontakt med Monica Hermann(906 35 493). På denne ordninga treng ein ikkje å vera påmeldt i kulturskulen.

Dersom det skulle vera musikarar som er slutta tidlegare, som vil spela igjen, er dei veldig velkomne tilbake.

Styret fortel vidare at dei vil halda fram det gode samarbeidet dei har hatt med Rosendal skulekorps dei siste sesongane. To gonger i månaden vil det vera fellesøvingar.

Når talet på musikantar er gått ned, gjeld det same for ei viktig støttegruppe, foreldra. Å driva eit korps er like mykje arbeid uavhengig av antal musikantar, men det blir færre å fordela arbeidsoppgåver på når foreldregruppa blir mindre. Derfor vil styret i år gå ut og spørja bygdefolket om hjelp.

Hovudinntekta til laget er sal av den populære adventskalenderen. På denne kalenderen har styret tidlegare år fått inn mange fine gevinstar frå bedrifter og privatpersonar. No har dei eit sterkt ynskje om hjelp til kalenderen, og dei spør:

-Er det nokon som kan tenkja seg å strikka, hekla eller gjere anna handverksarbeid?

Skulemusikken vil kjøpa inn materiell som trengst. Dersom nokon kan tenkja seg å hjelpa med dette, kan dei ta kontakt med Monica Hermann(90 63 54 93) eller Haldis Åkra(97 04 38 69).

Vi i Uskedalen er heldige som har eit driftig styre i skulemusikken som brettar opp ermene for at korpset skal få ein ny opptur. Vi veit bygdefolket er svært glade i korpset, og er sikker på at mange støttar opp slik at dei unge musikantane får gleda av å spela i korps, og at dei vil halda fram å glede bygdefolket med god og stemningsskapande korpsmusikk slik dei har gjort i 50 år.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland.